

Årsmelding 2020 Birtedalen sti- og løypelag



Gjennom året har vi hatt 2 styremøte og eitt epostmøte, samt litt info ut på epost elles.

Det blei ikkje halde årsmøte grunna koronapandemien.

Saker har vore:

- Planlegging av årsmøte (som ikkje blei arrangert)
- Birtevatn rundt – på alle møter
- Skal vi prøve å bli spelemiddelberettiga sjølve?
- Endra timepris for skuter med førar og førar
- Framlegg om godtgjering til leiar og kasserar- årsmøtesak
- Høyringsuttale Kleivbekk kraftverk?
- Avlyse arrangement i samband med pandemien?
- Gapahukar
- Arrangere VIPPS basar
- Planlegging av løypesesongen

Søknader som er sendt gjennom året:

- Støtte til løypekøyning frå kommunen
- Momskompensasjon

Arrangement:

- Kom deg ut dagen 2.feb på Kvipt, samarbeid med Fyresdal Turlag, Fyresdal Røde kors og Aust-Agder Turistforening – ca 100-120 frammøtte.
- Dugnad 20 juni, rydde ny løype trasè ved sørenden av Birtevatn på vestsida av bekken - 9 personar i 5 timar
- Fleire dugnadar med gapahukane, mange timar

Totalt 130 timar er lagt ned i dugnadsarbeid dette året, styrearbeid kjem i tillegg.

Private har og lagt ned arbeid i løypene utanom dugnadane.

Birtevatn rundt sumar og vinter – søknad innvilga kr 500 000,- frå Sparebankstiftinga DNB. Søknadsarbeidet er utført av Faun Naturforvaltning og løypeansvarleg Stein Helge Lassemo. Saman med Aust-Agder Turistforening blei det søkt om spelemidler til ny bru over bekken ved innosen lengst sør i Birtevatn. Her fekk turistforeninga kr. 231 000,-. Vi kom ikkje i gang med sjølve prosjektet, kun innkjøp av ståldragerar til brua.

Siste løypekøyning var 18.april! 5.desember blei det køyrd med skuter i skiløypa for å trakke. Løypa blir køyrd opp av 4 lag. Det hender det er med hytteeigarar på dugnad. Løypa blir helst køyrd opp fredag. Vinterferie har Røde Kors vakt og køyrer opp ved behov. Påska blei «avlyst» og det var lite folk i Birtedalen.

Vi fekk to gapahukar, ein frå Turistforeninga og ein frå Sigurd Skomedal.

Tre mann henta desse på Flotta og la dei ned ved Solliåsvegen. Her blei dei lafta opp for å vurdere tilstanden. Det blir lagt i ekstra stokkar og bytt ut dårlege stokkar.

Det blei 45 dugnadstimar til dette arbeidet.

Det er tenkt å plassere desse ute langs tursti/skiløypa.

Facebooksida Birtedalen sti og løypelag hadde 1 794 likarar pr 31.12.19 - pr 31.12.20 har vi 1 966 likarar.

Grasrotmottakar, Norsk tipping. Pr 31.12.19 hadde vi 91 giverar og 31.12.20 var det 121.

GLassemo 01.03.2021